



## **Gloppen kommune v/Gloppen eldreråd.**

### **Tillegg til svar på brev frå Gloppen eldreråd dat. 07.06.2018.**

Eg syner til førebels svar i vårt brev dat. 18.06.18.

Pensjonistforbundet Sogn og Fj. handsama saka på siste styremøtet og gjorde fylgjande vedtak: «Per har utforma eit brev til Gloppen kommune som styret stiller seg bak. Syner til svarbrev datert 18.06. På haustkonferansen vil vi fylgje opp med meir info om fornying av førarkort og rutetidene for buss og ferje».

På haustkonferansen dag 2, 25. september, vil ein representant for Statens Vegvesen orientere om fornying av førarkort, og svare på spørsmål.

Likeeins vil ein representant for Sogn og Fj. Fylkeskommune, Samferdslekontoret, orientere om kollektivtrafikk og opplegg for ruteopplysningar i fylket.

Når det gjeld pasientreiser, fekk vi ingen frå avdelinga i Helse Førde med denne gongen, men vi vil fylgje opp denne saka.

Med helsing

Per Kjelstad - fylkesleiar